

**Fra:** Einar Aase  
**Sendt:** onsdag 15. mars 2023 15:14  
**Til:** Ole Bakkebø  
**Kopi:** Are Frøysland Grande  
**Emne:** SV: 23/15370 Kart til dispensasjonssøknaden - gbnr 58/9 Lygren  
indre

Hei igjen,

Eg har dessverre ferie torsdag og fredag denne veka, så er ikkje tilgjengeleg desse dagane. Eg kan sette opp eit møte på teams tysdag 21.03.2023 kl.12:30 dersom dette er ynskjeleg? Dersom det er viktig at møtet er fysisk, kjem eg tilbake til eit tidspunkt som passar ut frå kva møterom som er tilgjengelege innanfor tidsromma eg sjølv er ledig.

Skriv jamvel litt orientering om saka her. Kom gjerne med ei tilbakemelding på om dette er oppklarande nok, eller om det er behov for eit kort møte.

### **Byggесак 23/1730**

Det vart 24.02.2023 sendt inn søknad om dispensasjon frå noverande kommuneplan for etablering av tiltak på eigedom med gbnr.58/9. Ut frå kommunikasjon du har hatt med Are Frøysland Grande, verkar det som om at han tidlegare har vist til at det er mogeleg for deg å søkje om dispensasjon for å etablere dei aktuelle tiltaka, og at det er mogeleg å avklare dispensasjonen før ein går vidare til søknad om tiltak. Dei tiltaka som er i strid med noverande arealplan, er avhengig av dispensasjon dersom dei skal gjennomførast etter denne arealplanen.

Mangelbrev datert 13.03.2023 er sendt ut i tilknyting til din søknad om dispensasjon for dei ulike tiltaka, datert 24.02.2023. Sjølve tiltaka er ikkje søkt om i denne saka (sak 23/1730), men du har søkt om dispensasjon som er naudsynt for nokre ulike tiltak, jf. søknadstekst. Mangelbrevet i saka er sendt ut ettersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg dokumentasjon til å handsame den aktuelle dispensasjonssøknaden.

Søknad om dispensasjon er ein søknad om unntak frå noverande reglar i lovverk eller styrande plangrunnlag. Dette er altså noko anna enn å endre det aktuelle arealføremålet i plan. Dette er ikkje mogeleg å endre gjennom søknad om dispensasjon, men eventuelt gjerast gjennom innspeil til ny kommuneplan. Dersom du ynskjer å etablere tiltak i strid med noverande kommuneplan, er det jamvel mogeleg å søkje om dispensasjon frå dei aktuelle reglane som tiltak vil vere i strid med.

### **Innspeil til kommuneplan**

Som nemnt kort ovanfor, vil ein ikkje kunne endre på arealføremål/omdisponere areal gjennom byggесак eller søknad om dispensasjon. Det er til dømes ikkje mogeleg å utvide SN4, endre eksisterande byggegrense, eller endre på føresegne tilknytt overnatting innanfor SN4 gjennom byggесак. Dette må gå gjennom planprosess i samband med utarbeiding av ny kommuneplan for Alver. Dersom intensjonen med søknad datert 24.02.2023 var å endre på noverande kommuneplan, er ikkje dette mogeleg.

Ein kan jamvel, som vist til ovanfor, søkje om dispensasjon frå dei aktuelle føresegne ved ynskje om å etablere tiltak i strid med plan.

### **Forholdet til den eldre sak (22/8212)**

Det er vist til at ein del informasjon ligg i sak 22/8212. Det ligg her ei klage på avvist søknad knytt til dei same tiltaka. Denne saka har sin eigen klageprosess som vil bli følgt opp uavhengig av sak 23/1730.

Dersom det er ynskjeleg å avklare klageprosessen i denne saka før ein går vidare med ny søknad om dispensasjon, er dette mogeleg. Ein kan då trekke søknad i pågåande sak (23/1730). Dersom du ynskjer å trekke denne søknaden i sak 23/1730, må dette sendast inn skriftleg til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) merka med saksnummer 23/1730.

Håper dette var noko oppklarande.

Vennleg helsing

**Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak**

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Fra:** Ole Bakkebø <[olebakkebo@gmail.com](mailto:olebakkebo@gmail.com)>

**Sendt:** tirsdag 14. mars 2023 13:39

**Til:** Einar Aase <[einar.aase@alver.kommune.no](mailto:einar.aase@alver.kommune.no)>

**Emne:** Re: 23/15370 Kart til dispensasjonssøknaden - gbnr 58/9 Lygren indre

Einar Aase

Det er muleg at eg har misforstått hele greia. Eg blir stadig overraska av kva vendinger saker kan ta og kor vanskeleg kommunikasjon er. På ett tidspunkt må møte vere meir effektiv form for kommunikasjon og oppklaring ?

Etter samtale med Are G.F sette vi sjølve byggesøknaden i bero og tok i denne omgangen kun fatt i dei dispensasjoner ( av areal ) som måtte innvilgast før de tok fatt på den opprinnelege byggesaka/søknden. Eg vær bedd om å klarlegge kva areal dette dreier seg om -og begrunne dei aktuelle dispensasjonene. Eg fekk opplyst at det ville vere fornuftig å ta alle disp under eitt : Det ville mht til gebyr bli oppfatta som ei sak. Begrunnelsen for å ta opp alle relevante dispensasjoner no, var kommuneplanen var kraftig forsinka i høve til framdriftsplan.

Då forstår det slik at det er omdisp av aktuelle **areal** det dreier seg om i denne omgangen (pluss den merkverdige ordlyden i SN4 som det må dispenserast i fra : "Kan ikkje overnattes i sjøbua "etc etc ). Det dreier seg **ikkje** om innplassering og teikning av tiltaka /bygg med målsetting osv. Alt det ligg i den søknaden som er lagt i bero og vil klarlagt der. Difor skjønner eg ikkje skrivet som eg fekk.

( Som de ser av kartet er det langt til nærmaste nabogrenser.( som er utmark/beite ) og alle naboar har signert at dei ikkje har innvendingar mot tiltaket. Dette er ingen problematikk i den faktiske verden. )

Kan vi raskt avklare dette. Denne kommunikasjonen er krevjande - sikkert for alle. Tida er snart moden for å ta eit effektivt møte for å sjekke ut kva som skal til.

Høyrer fra deg.

Med helsing Ole Bakkebø

PS

Eg kan ta eit møte fredagsmorgen feks.Eller andre tidspkt ?

Seinere i dag vert det også sendt eit brev til dykk kva angår denne passussen i SN4

14. mar. 2023 kl. 13:00 skrev Einar Aase <[einar.aase@alver.kommune.no](mailto:einar.aase@alver.kommune.no)>:

Hei,

Viser til e-post i går og i dag. Kartet som følgjer vedlagt her er ført på saka. Det er dette du sende til meg no i dag òg.

Kartet viser til utviding av føremålsareal. Kartet svarer ikkje ut ytre mål på dei ulike tiltaka, samt avstand frå tiltaka til grenser og andre bygningar på eigedom. Det er i søknad vist til følgjande tiltak:

<image001.png>

For punkt 5 er det vidare vist til:

<image002.png>

Tiltaka må teiknast inn på kart med informasjon som vist til ovanfor, og i vegleiingstekst som følgjer vedlagt. Legg ved eit skriv som går nærmare inn på dokumentasjonskrav for situasjonskart. Syner elles til byggesaksforskrifta (SAK10) §5-4 bokstav m):

<image003.png>

Presiserer òg her at søknad vert handsama ut frå dagens arealføremål, og ikkje ut frå det som eventuelt er spelt inn til ny kommuneplan.

Vennleg helsing

**Einar Aase** | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

<image004.png>

<Kart til dispensasjonssoknaden - gbnr 589 Lygren  
indre(973868).pdf><19.+Situasjonsplan+-+rev+10062015 (1).doc>